

Dagens ros

Olav Oppedal på Stødle i Etne vil gjerne skyta litt av Østrem Maskin som har vintervedlikehaldet over Stødle. — Dei gjer ein fantastisk jobb, seier Oppedal som har lyst til formidla dette gjennom lokalavisa.

Usikker på ny Gladmat-deltaking

I fjor valde Gladmaten å stenge festivalen laurdag 23. juli på grunn av terrorangrepa i Oslo og på Utøya. Dette har Tor Åge Hundseid i Vikedal Gardsmat vore ueinig i, noko han har formidla i pressa. Hundseid meinte det var feil å avlyse arrangementet i solidaritet når all anna handel gjekk sin gang. Han reknar med å ha tapt minst 70.000 kroner på stenginga. No kan vikedalsbuen si deltaking på årets festival henge i ein tynn tråd, skriv Stavanger Aftenblad.

— Då eg ringde festivalleiinga for å diskutere årets festival, fekk

eg beskjed at eg burde vurdere å ta pause eit år. Eg fekk høyre at eg ikkje var samarbeidsvillig nok. No blir eg truleg utestengd frå festivalen, seier Hundseid, som har vore eit fast innslag på festivalen dei siste ti åra. Dagleg leiari for Gladmat, Mona Vervik, innrømmer at samarbeidet med Hundseid ikkje har vore det beste, og meiner det er greitt at han tek seg ei pause til denne relasjonen blir betre. Ho understrekar likevel at ingen blir utestengd frå arrangementet, og at han gjerne må søke om å få delta slik sin alle andre.

Midlar til Etneelva

For andre gong deler Havbruksnærings Miljøfond ut pengar til villaksprosjekt. Årets sum på 8,8 millionar kroner blir fordelt på 16 prosjekt og tar for seg blant anna rømd fisk frå utvalde laksevassdrag. To stader på lista finner me Etne. 500.000 kroner er sett av til strakstiltak (pilotprosjekt) som er initiert av myndigheitene for alle elvane i Hardangerfjorden og Etne. I tillegg skal 300.000 kroner gå til drifting av laksefelle i Etneelva. Førre gong vart det delt ut tre millionar kroner. Og tiltaka frå desse pengane har gitt resultat, skriv Fiskeri- og havbruksnærings landsforening i ei pressemelding. Blant anna har innslaget av rømd fisk i Årøelva i Sogn gått kraftig ned.

1.113 norskprøver i fjor

Fylkesmannen i Rogaland betalte i 2011 ut tilskot for 1.113 norskprøver med samfunnskunnskap som blir tekne av vaksne innvandraran. Talet er ein dobling på to år i Rogaland, og på 47 prosent det siste året som er høgare enn landsgjennomsnittet på 37 prosent. I Rogaland bestod 94 prosent av kandidatane den munnlege prøva, medan 63 prosent bestod den skriftlege. Strykprosenten i fylket ligg lågare enn landsgjennomsnittet, men har auka litt det siste året, ifølgje Fylkesmannen i Rogaland.

Bønder tar miljøet på alvor

Bønder i Vats tar miljøet fatt for å få eit friskare Vatsvassdrag. Å hjelpe pasienten er eit viktig bidrag til fellesskapet, meiner Harald Velde.

JON EDVARDSEN

Han er prosjektleiar for Aksjon Vatsvassdraget, og er i ferd med å få på plass avtalar med gardbrukarane som skal redusere tilførselen av fosfor frå gjødsel. Det er grunneigarar som har tatt initiativet til prosjektet, og det er også landbruket som skal gjere ein innsats for å få Landavatnet og Vatsvatnet i betre økologisk balanse.

— Vatna skal gå frå å vere overgjødsla, tidvis med algeoppblomstring, til å bli ein plass der både fisk og badande kan trivast, seier Velde.

Positivt omdømme

Han meiner aksjonen kan vere med på å gi landbruket eit meir positivt miljøomdømme.

— Det er ingen som har interesse av å gjødsle vatnet. Eg opplever ei positiv haldning der ein frivillig tar eit tak for miljøet i vatna. Eg håpar vi kan få avtalar med i alle fall 75 prosent av arealet som har avrenning til vatna. Då vil det ikkje gå så lenge til at ein kan sjå at dei utviklar seg i rett retning, seier Velde.

Det er ikkje kompliserte tiltak dei skal i gang med, men tiltaka betyr meir arbeid for bonden, men truleg også ein økonomisk gevinst. Målet er å gjødsle meir rett etter næringsbehovet til plantane og etter kva gjødsel inneheld.

For å oppnå det må bondene ta prøve av gjødsel kvart år, pluss å føre ein nøyaktig logg over gjødslinga.

Tilskot i starten

— Det blir meirarbeid og litt papirarbeid. Men eg trur det også er noko å vinne på det. Målet er at ein skal klare seg utan å måtte kjøpe fullgjødsel med fosfor. I tillegg kan ein søkje om tilskot frå Fylkesmannen dei tre første åra, seier Velde.

Han trur difor det vil gå seg til etter kvart. Ein del av tiltaket er at det skal vere ei randsoner der ein ikkje gjødsler. Enkelte er redd for at tiltaka skal gi avlingstap.

Gjennom regionalt miljøprogram har Fylkesmannen godttatt at bondene som skriv avtale får 60 kroner dekar i tilskot for fulldyrka jord i tre år, og 40 for innmarksbeite. I tillegg blir det gitt



Betre kontroll på gjødsel frå landbruket skal gi eit friskare Vatsvassdrag. Prosjektleiari Harald Velde er i ferd med å lage frivillige avtalar med bondene i Vats.

FOTO: JON EDVARDSEN

1.000 kroner per år for å dekke utgifter til prøvetaling og analyse av gjødsel.

Reinseparkar

Velde har sjølv gard i Vats og prosjektleiaren skal i gang med tiltak på linje med alle andre som deltar. Han har bakgrunn i miljøfaget med høgskuleutdanning i naturforvaltning.

I tillegg til større kontroll over gjødsel for å unngå unødig avrenning til Vatsvassdraget, vurderer dei andre tiltak. Eitt alternativ er såkalla reinseparkar, eller

dammar der overflatevatn stoppar og ein får botnfall med fosfor i. Det kan ein ta opp av dammen og bruke til jordforbetring. Det blir også vurdert å føre tilsig av friskt vatn ned i den oksygenfattige delen av Landavatnet for å få fart på tilfriskninga.

Velde trur også at tilkopling til offentleg kloakk for å unngå tilsig frå spreingsgrøftene ved kvar enkelt septiktank, er tiltak som har potensial til å redusere gjødsling av vatna.

Han meiner alle i nedslagsfeltet har eit ansvar; både huseigarar,

bønder og anna næringsliv.

Manglar oksygen

— Ein klarer ikkje stoppa alt tilsig av fosfor, men å redusere det. Det kan vere nok til å stoppe algeoppblomstringa som nesten er eit årleg fenomen. Eg er sjølv glad i å fiske og ser fram til å få eit meir produktivt vatn. I dag går miljøet ut over kvaliteten på fisken, seier Velde.


Tilstanden i Landavatnet er dårleg, og Vatsvatnet moderat, viste ein rapporten i 2009. Landavatnet var oksygenfritt frå 8 meter og nedover. For nokre år sidan var det badeforbod i Landavatnet på grunn av giftige algar.

I alt 60 gardsbruk har avrenning til Vatsvassdraget, og det er rundt 10.000 dekar dyrka mark og beite i nedslagsfeltet.

« alle i nedslagsfeltet har eit ansvar

FAKTA: Aksjon Vatsvassdraget

- Vats grendeutval engasjerte Norsk institutt for vannforskning til å analysere vassprøver frå Landavatnet og Vatsvatnet i Vindafjord. Det vart laga ein rapport som vart finansiert av lokale firma og landbruksforvaltninga.
- Rapporten viste dårleg økologisk tilstand i Landavatnet og moderat i Vatsvatnet. NIVA anslo at Vatsvatnet vart tilført 2,5 tonn reint fosfor i 2009.
- Seinare vart Aksjon Vatsvassdraget danna med ei gruppe medlemmer frå grunneigarlag, Vats bondelag, Vats grendeutval, Vindafjord kommune og Haugland landbruksrådgiving.
- Vindafjord kommune og Fylkesmannen bidrar med om lag 100.000 kroner i 2012 til drift av prosjektet. Det er inne i tiltaksfasen, og eit prøvetakingsprogram skal kartlegge utviklinga i vassdraget dei neste åra.



Satellittbildet skal normalt gjengi vatn i svart/grått. Her er Vatsvatnet grønt på grunn av algar. (Raud markering).

SATELITTFOTO



Reinseparkar for å fange opp fosfor før det kjem ut i vatna, er eitt av tiltaka som blir vurdert.

FOTO: PRIVAT

Gode erfaringar på Jæren

Eit forsøk i Skas Heigre på Jæren for å redusere forureininga av Figgjovassdraget, førte til redusert gjødsling.

Det resulterte i over 50 kilometer ugjødsle randsoner i vassdraget som vart plukka ut til eit av Fylkesmannen til eit pilotprosjekt i 2010. Oppsummeringa det første året viste om lag 5 tonn mindre brukt rein fosfor, mesteparten frå mineralgjødsel.

Skas Heigre er eit sidevassdrag til Figgjoelva, og er eitt av dei mest jordbruksintensive områda i Rogaland. I fjor var rundt 95 prosent av totalt 24.000 dekar i området gjødsel etter avtalane som skal redusere tilførsle av fosfor.